

Desse møtte:

Førde 30.01.2025

Knut Johan Mikkelsen
Kurt Grønli
Aslaug Vårdal Igelkjøn
Torleif Håland (vara)
Monrad Kolstad (instruktør)
Egil Nestande (instruktør)

Referat frå Styremøtet i Seniornett Førde

Tid: Onsdag 29.01.2025 - kl. 10.00 – 12.00
Stad: Møterom: Kjellar i Førdehuset

Sak 01/2025: Planlegging av årsmøtet 2025.

Dato for årsmøtet 2025 er fastsett til torsdag 13. mars 2025 kl. 14.00.
Frist for å meldesaker til årsmøtet er 20.februar – 25.
Sakliste og årsmøtepapir skal utsendast 14 dg før årsmøtet, dvs. 27. februar-25
I år står alle styremedlemmene på val. Leiar tek kontakt med leiar i valkomiteen:
Esther Skei Klausen.
Nytt styremøte til gjennomgang av årsmøtepapir og rekneskap er fastsett til 26.02.25

Vedtak/ arbeidsfordeling:

Leiar sender ut innkalling til årsmøtet via epost til alle medlemmene i Seniornett Førde snarast.
Leiar tek kontakt med Førdehuset for leige av lokale (musikkrommet), og kontaktar valkomiteen.
Skrivar/ nestleiar skriv årsmelding.

Sak 02 og 05/ 25, Vår avslutning / kursavslutning våren 2025.

Vår avslutninga var eigentleg fastsett til 28.mars for gruppe 3 og 4, medan gruppe 1 og 2 ville halde fram til påske. Etter ein del diskusjon vart ein samde om kursslutt 27. og 28 mars for alle gruppene.

Vedtak: Dato for våravslutning og årsmøte vert 13.mars 2025 kl. 14.00. Kursslutt vert 27. og 28. mars.

Sak 03/25: Landsmøte i Seniornett Norge , 22. – 23. mai 2025

Reisekostnader til Landsmøte i Seniornett Norge er dekkja i budsjettframlegget for 2025.

Vedtak:

Det er årsmøtet som vel (eller delegerer til styret) utsendingar til Landsmøtet i Seniornett Norge.

Sak 04/25. Medlemsutvikling

Talet på medlemmer er nokonlunde stabilt. Nokon fell ifrå undervegs på grunn av t.d. sjukdom. Kasseraren i laget seier han har ført attende innbetalt kursavgift til dei som ikkje har delteke/ har delteke svært lite på kurs i haust.

Vedtak:

Kursdeltakarar som har svært lite oppmøte får attende kursavgifta.

Sak 06/2025: Eventuelt

Fleire kursdeltakarar har klaga på at dei ikkje alltid høyrer kva som vert sagt når instruktørane informerer. Derfor er det ønskjeleg med audioutstyr for hørselshemma. Kan det vere aktuelt at foreininga kjøper inn slikt utstyr? Det er viktig med forsterking av lyd for alle kursdeltakarane, sidan hørselstap er vanleg i denne aldersgruppa.

Vedtak:

Leiar tek kontakt med Jorunn Skogen (tidlegare audiopedagog) og snakkar med henne om kva utstyr som trengst.

Prosjektet med datastover er avslutta, og det er ikkje løyvt fleire midlar sentralt Det har dessutan vore lite påmeldingar, berre ein deltakar på det siste kurset som vart arrangert. Det er derfor ingen planlagde kurs våren 2025.

Kasserar informerte om økonomien i Seniornett Førde. Rekneskapet for fjoråret viser eit underskot, noko ein var klar over. Underskotet skuldast sponsing av servering på kursdagane, dekking av utgifter til kaldtbordet m kaffi og kaker på juleavslutninga og leige av Festsalen. Det er uvanleg å lage eit budsjett der ein budsjetterer med underskot, derfor må ein gjere endringar for 2025. Forslaget til kasserar er at utgiftene til servering på kursdagane vert dekkja av kursdeltakarane, dvs at ein aukar denne frå 40,- til 50 kr. Denne endringa må godkjennast av årsmøtet. Hittil har Seniornett Førde betalt servering til instruktørane. Her vart det foreslått at dei kunne betale dette sjølve. Dette er også noko årsmøtet må avgjere. I budsjettet for 2025 er det ikkje lagt inn utgifter til juleavslutning., dette for å få balanse i budsjettet. Ei eventuell kostbar juleavslutning må medlemmene betale sjølve.

Referatsaker: Kari Valle har vorte kontakta ved rørande oppstart av seniornett i Naustdal. Ho har teke kontakt med leiar med ønskje om at nokon frå seniornett Førde kan hjelpe til litt på eit møte. Leiar har rapportert aktiviteten til sentralletet. Elles er kursrapporteringa godkjent, og aktivitetsrapport innlevert.

Møtet slutt.

Aslaug Vårdal Igelkjøn
-refr-